



Maia Fredheim song best av alle i avslutningsshowet for FestidaGen.

**FestidaGen blei avslutta med eit festidaGen-show. Der viste nokon av gruppene fram det dei hadde halde på med. Og i dag var det Småstjerner i Aktivitetshuset. Komikaren Kristian Arntsen leia showet på ein morsom og god måte.**

**Festidagbladet: Tina B. Eik, Sunniva E. Myklebust og Iris Quam**



Beste kostyme hadde denne gjengen som framførte Ausedansen.

Over 300 framfømte i Aktivitetshuset fekk oppleve både sang, musikk, dans og akrobatikk. Dei ulike gruppene som har vore i sving under festidaGen fekk vist fram det dei har øvd på. Publikum sette pris på det dei fekk sjå og gav stor applaus til alle dei unge artistane.

Småstjernene stal mesteparten av showet med heile 8 innslag. Det blei kåra vinnerar i tre klassar. Maia Fredheim fekk pokal for beste sang. Silje Soldal og Ella Karina hadde beste sceneshow og Ine Viktoria Nåsen, Emma og Stine Clementsen og Kayla Myklebust fekk pris for beste kostymar.



Beste sceneopptreden hadde Ella Karina og Silje.

Frøya A. Haugland (12) fra Husnes var deltakar i Småstjerner. Ho har og vore kollega av oss i redaksjonen for Festidagbladet. I Småstjerner hadde ho ei flott framføring av Rolling in the deep av Adele. Vi var heldig og fikk eit interjvu med Frøya:



Frøya song fint!

- Kvifor melde du deg på Småstjerner?
- Fordi eg liker å synge.
- Har du vore med på noko slikt før?
- Ja eg har opptredd på skulen mange ganger.
- Driver du med musikk eller andre aktiviteter på fritida?
- Ja eg spelar instrument, syng og dansar.



Yngste deltakar var Andreij Bringedal som berre er 4,5 år.